

Informasjon om retten til å klage på vedtak

Har du fått eit vedtak frå Landbruksdirektoratet som du meiner er feil, kan du klage, jf. forvaltingslova § 28.

Når er fristen for å klage?

Fristen for å klage er tre – 3 – veker frå den dagen dette brevet kjem fram, jf. forvaltingslova § 29. Det er nok at klagen er postlagd før fristen går ut.

Klagar du for seint, kan det vere/du risikere at klagen ikkje blir handsama. Du kan søkje om lengre klagefrist, og då må du grunngje kvifor du treng det.

Kva skal stå i klagen?

- Namnet ditt og adressa di
- Kva for eit vedtak du klagar på
- Kvifor du klagar, og kva du meiner er feil i vedtaket
- Den eller dei endringane du ønskjer
- Eventuelle andre tilhøve som kan ha noko å seie for vurderinga vår av klagen
- Dato og signaturen din

Kvar skal du sende klagen?

Send klagen til Landbruksdirektoratet, Postboks 8140 Dep, 0033 Oslo.

Korleis blir søknaden handsama?

Landbruksdirektoratet vil først sjå på saka på nytt. Dersom Landbruksdirektoratet ikkje endrar vedtaket sitt slik du ønskjer, blir klagen send vidare til klageinstansen for å bli avgjord/hy handsaming/avgjerd. Det går fram av vedtaket kven det er som er klageinstans.

Utsett gjennomføring av vedtaket

Sjølv om du har klagerett, kan vedtaket vanlegvis bli gjennomført med ein gong. Du kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller klagen din er avgjord, jf. forvaltingslova § 42. Du sender søknaden til Landbruksdirektoratet.

Rett til å krevje grunngjeving for vedtaket

Dersom du meiner Landbruksdirektoratet ikkje har grunngjeve vedtaket, kan du krevje ei slik grunngjeving før klagefristen går ut, jf. forvaltingslova §24. Ny klagefrist på tre – 3 – veker blir rekna frå den dagen du får grunngjevinga.

Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing

Du har, med nokre få unntak, rett til å få sjå saksdokumenta. Reglane om dette står i forvaltingslova §§ 18 og 19. Dersom du ønskjer innsyn i saksdokumenta, må du ta kontakt med Landbruksdirektoratet. Du kan også kontakte oss for nærmare rettleiing om høvet til å klage, om rettane og pliktene dine, om lovreglar og praksis på det området saka di gjeld.

Kostnader ved klagesaka

Dersom vedtaket blir endra til din fordel, kan du etter forvaltingslova ha krav på å få dekt vesentlege kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket, jf. forvaltingslova § 36. I det nye vedtaket vil du få meir informasjon om retten til å krevje at sakskostnader blir dekte.

Du kan også søkje Fylkesmannen om å få dekt utgifter til den advokathjelpa du treng, etter reglane om fri rettshjelp. For fri rettshjelp gjeld visse grenser for inntekt og formue. Fylkesmannen eller advokaten din kan gje nærmare opplysningar om fri rettshjelp.

Klage til Sivilombodsmannen

Dersom du meiner du har vore utsett for urett i forvaltinga, kan du klage til Stortinget sin ombodsmann for forvaltinga (Sivilombodsmannen). Du kan først klage etter endeleg avgjerd i klagesaka di.

Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men han kan gje ei vurdering av korleis forvaltinga har handsama saka, og om den har ho feil eller har forsømt noko.

Sjå Sivilombodsmannen si heimeside for meir informasjon: www.sivilombudsmannen.no